



Rigginga har vore igang i føremiddag

Innspurten mot Festidalen vert stadig meir hektisk denne veka. I føremiddag er riggingen av provisoriske hus i festivalområdet i full gang og imorgon klokka 12 er det klart for slåttedugnad langs Geilo med etterfylgjande hesjing på Dønhaug.

-Vi legg stor vekt på at området skal vera innbydande og utløysa rosande ord når festivalpublikum inntar det, seier Bjørn Olav Tveit til uskedalen.no



Imorgon vert det slåttedugnad for å gjera arenaområdet innbydande. Dette biletet vart teke i fjor. Difor har vi det same opplegget som 2 tidlegare år.

Høyet vert henta frå idrettslagets område langs Geilo og køyrt til Dønhaug der det omgåande vert laga hesjer. Heile operasjonen tek kanskje 3 timar og vert runda av med at det vert servert is, opplysar Bjørn Olav Tveit. Han kjem med ei kraftig oppmoding om at deltakarane tek med ungane så vert dette ein skikkeleg familiedugnad. Rive er også obligatorisk og gjerne høygaffel hvis nokon har det. I fjor var det mange godord å høyra om området og det same vert nok tilfelle i år.

KVA ER DET SÅ SOM SKJER DEI 4 FESTIVALDAGANE? HER ER EIT STUTT OVERSYN:

* Torsdag 31. juli: Arrangement om ettermiddagen for born og unge i Helgheim, Aktivitetshuset, Sandakaien, båthamna og skulen- Om kvelden føredragskro for vaksne i Gamleskulen. Nesten alt skjer innadørs og det er ikkje venta stor trafikk eller støy.

Fredag 1. august: Framhald med arrangementa for born og ungdom. Stort næringsseminar klokka 13 i Aktivitetshuset. Festivalstart på Dønhaug om' ettermiddagen. Camp ved ridebanen. MF Skånevik legg til, ved Sandakaien

Laurdag 2. august: Festivalfrukost på Systrene Nilsen frå kloka 10 til 12.. Småstjerner i Aktivitetshuset klokka 12. Festitaren (uhøgtideleg tevling mellom atletar frå kommunen) i båthamna klokka 14. Festivalen held fram på Dønhaug frå 16 til 01.

Sundag 3. august: Friluftskonsert på Storhaug klokka 14. Parkering på grusbana og avmarsj klokka 12. Flyttast til Stemneplassen eller innandørs lokale hvis regn.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen